



Lindås kommune  
Masfjorden kommune

Dato: 26.06.2017  
Vår ref.: 2017/6259-3  
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy  
Tlf: 932 49 179

## Eide Fjordbruk AS - Søknad om å utvide arealet på lokalitet Ospeneset i Lindås kommune

Hordaland Fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 01.06.2017 frå Eide Fjordbruk AS, org. nr. 866751242, om utviding av arealet på lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune.

Eide Fjordbruk AS har i dag løyve til produksjon av 3120 tonn laks, aure og regnbogeaure i akvakulturanlegg på lokalitet Ospeneset. Anlegget består av tre plastringar i rammer på 100 x 100 meter. Det vert søkt om å utvide frå 3 til 6 ringar på lokaliteten. Dei tre nye ringane skal leggast i ei rekke på nordvestsida, parallelt med dei eksisterande. Fôrflåten vert søkt flytta frå søraustsida av anlegget til nordvestsida. Dette er for å komme i møte ønskje frå naboar på Hodneland.

Bakgrunnen for søknaden er at selskapet ønskjer å ha ein produksjon som samsvarer med den MTB som lokaliteten er klarert for. Verksemda har løyve til å produsere 3120 tonn, og for å utnytte kapasiteten til lokaliteten treng dei tre merdar til.

Anlegget ligg i område avsett til akvakultur i detaljreguleringsplan for akvakulturområde ved Langøy og Ospeneset. Reguleringsplanen er ikkje vedtatt. Den skal handsamast første gong i kommunen 28. juni, og deretter sendast på høyring. Endeleg godkjenning av reguleringsplanen er venta i kommunestyret i Lindås 21. september. Søknaden etter akvakulturlova er i samsvar med reguleringsplanen, og vert handsama parallelt med den. Grunnen til dette er at verksemda ønskjer å sette ut fisk på lokaliteten innan slutten av oktober, og viss dei ikkje rekk dette utsettet må dei vente til hausten 2019. Løyve etter akvakulturlova er avhengig av at reguleringsplanen blir vedtatt. Fortøyingane ligg i FNFF-område, som tillèt fortøying av akvakulturanlegg i kommuneplanen og dette er vidareført i reguleringsplanen. Delar av fortøyingane går inn i Masfjorden kommune, i areal avsett til fiske og areal for fleirbruk, som tillèt fortøying av akvakulturanlegg.

For ytterlegare informasjon syner vi til søknaden.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutredninger for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsammast etter § 3 i forskriftena. Fylkeskommunens vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlige verknader for miljø eller samfunn, jf. Vedlegg III i forskriftena. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort rede for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmynda for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høyringsparten skal konkretisere kva for forhold som bør opplyst nærmare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Masfjorden kommune vurderer den delen av søknaden som går inn i Masfjorden kommune. Vi ber om at Lindås kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søker, i ein periode på fire veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysningsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret §8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søker. Eventuelle merknader fra offentleg utlysing og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd, og seinast innan 3 månader (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå Eide fjordbruk AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor. Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Vibeke Lokøy, tlf. 55 23 91 45 eller e-post til [vibeke.saure.lokoy@hfk.no](mailto:vibeke.saure.lokoy@hfk.no), i Hordaland fylkeskommune.

Beste helsing

Vibeke Lokøy

Kopi til:  
Eide Fjordbruk AS